Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
090/26	Formannskapet	05.11.2026

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/1498 - 2

Revisjon av forskrift om hjorteviltjakt i Lærdal kommune

Kort samandrag:
Viltlova er oppheva og det er vedteke ny viltressurslov. Som følgje av lovendringa må kommunane gå igjennom sine lokale forskrifter med heimel i viltlova, og oppdatera dei slik at dei lokale forskriftene er i samsvar med ny lov. Utover oppdatering av forskriftsheimel, gjeld denne saka forskriftsfesting av at Lærdal kommune kan krevja inn fellingsavgift for hjort og elg. I tillegg opnar viltressurslova for at kommunen kan opna opp i lokal forskrift for bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel på hjortejakt viss det kan avverja alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik. Framlegg til revidert forskrift vert føreslege lagt ut på høyring for å samla synspunkt og argument om tematikken.

Kommunedirektøren si tilråding:
Lærdal kommune sender framlegget til ny og revidert forskrift på høyring.

05.11.2026 Formannskapet

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 090/26 Vedtak
Lærdal kommune sender framlegget til ny og revidert forskrift på høyring.

Vedlegg:

Gjeldande forskrift Lærdal
Fastsettelse av lokal forskrift for åpning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til jakt på hjort - Landbruksdirektoratet

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.
-Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)
-Forskrift om forvaltning av hjortevilt
-Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort
-Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst
-Forskrift om minsteareal for hjort, elg og rådyr, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane

Saksutgreiing
Gjeldande forskrift; forskrift om minsteareal for hjort, elg og rådyr, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane, vart vedteke av kommunestyret i Lærdal 15. mars 2018. Sjå vedlegg for gjeldande forskrift. Denne er heimla i viltlova. Ny viltressurslov har erstatta viltlova, og vart gjeldande frå 1. juli 2026. Fleire sentrale forskrifter som er heimla i viltressurslova er også endra for å samsvara med ny nasjonal politikk vedteke i viltressurslova. Den lokale forskrifta må oppdaterast for å ha rett lovheimel, i tillegg til at Lærdal kommune må ta stilling til to nye punkt:

a) Fellingsavgift for hjort og elg
Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven), § 9 Jegeravgift, fellingsavgift og viltfond seier i 4. ledd at «kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av Stortinget». Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, § 6. Om fellingsavgifter, seier i 1. ledd «Kommuner der det er adgang til jakt etter elg og/eller hjort, skal fastsette og kreve inn fellingsavgift for felte dyr av disse artene. Satsene for fellingsavgifter skal fastsettes av kommunen gjennom forskrift innenfor rammer fastsatt av Kongen jf. viltressursloven § 9.». Lærdal kommune krev inn fellingsavgift for hjort og elg, men må no heimla dette i lokal forskrift.

b) Bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel
Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven), § 26 Bruk av synlig lys og særskilte siktemidler seier i 1. ledd: «Bruk av lyskilder som gir synlig lys under jakt og fangst, er forbudt, med mindre annet følger av eller i medhold av lov. Det samme gjelder bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler og andre siktemidler med teknologi som har til formål å lyse opp eller forbedre synligheten av omgivelsene eller viltet for jegeren.» Forskrift om utøvelse av jakt og fangst, § 29a Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler, seier i 4. ledd: «For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere

behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.»

Økonomiske konsekvensar
Framlegget til revidert forskrift tilrår ei vidareføring av praksisen til Lærdal kommune når det gjeld innkrevjing av fellingsavgift frå hjort- og elgjakta.

Vurdering
Kommunedirektøren har laga eit framlegg til revidert forskrift for Lærdal kommune kor heimlane er oppdaterte, og strukturen er justert. Framlegget er ei vidareføring av gjeldande forskrift når det gjeld opning for jakt på hjort, elg og rådyr, samt minstearealet for desse artane. § 3 i framlegget om fellingsavgift er føreslege som ei vidareføring av praksisen i Lærdal kommune. Det har i fleire år no vore nytta maksimal sats for fellingsavgift på vaksne elg og hjort (inklusive ungdyr;1,5 år). Fellingsavgift for hjort- og elgkalv er føreslege som ei vidareføring av fellingsavgift på kr 0 for å stimulera til uttak av kalv.
Kommunedirektøren har føreslege eit nytt punkt, § 4, om bruk av termisk- og restlysforsterkande siktemiddel. Det er mogleg for ein kommune å opna for bruk av dette på hjortejakt for å *avverja alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser*. Handhaldne termiske- og restlysforsterkande kikkertar er lovleg under jakt i dag. Det same er bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel til bruk i ettersøk. I Lærdal kommune er det fleire tema som må belysast for å vurdera kor vidt det er heimel for, og ønskjeleg, å innføra bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel i ordinær jaktutøving på hjort. Til dømes er trafikkproblematikk, beiteskade i landbruket og omsyn til smittefare for skrantesjuke relevante problemstillingar. Landbruksdirektoratet har utvikla ein rettleiar for kommunar som vurderer å opna for bruk av omtalte siktemiddel (sjå vedlegg). Rettleiaren omtalar krava for å kunna opna, spesifiserer at ein kommune kunn kan opna opp for heile kommunen (ikkje einskilde område) i tillegg til at ei eventuell opning vil gjelda all hjort (det er ikkje mogleg å spesifisera til dømes på kjønn og alder).

For å samla synspunkt og argument knytt til dei formelle føresetnadane for hjorteviltjakt i Lærdal kommune, tilrår kommunedirektøren å senda ut følgjande framlegg til forskrift på høyring. Etter høyringsrunden vert det laga saksframlegg kor innspel og dei formelle vilkåra vert drøfta.

Framlegg til revidert forskrift om hjorteviltjakt i Lærdal kommune:

«Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr, bruk av termisk/restlysforsterkande sikte og fastsetting av fellingsavgift for elg og hjort, Lærdal kommune, Vestland

***Heimel**: Fastsett av Lærdal kommunestyre xx.xx.26 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, forskrift 8. januar 2016 nr 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6, forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om*

kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, samt forskrift av 22. mars 2022 om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a 4 ledd.

§ 1. Tilgang til jakt
Det er opna for jakt på hjort, elg og rådyr i Lærdal kommune, jfr. forskrift 8. januar 2016 nr 12 om forvaltning av hjortevilt § 5.

a) Jakt på hjort kan gjerast i heile kommunen.
b) Jakt på hjort kan gjerast i heile kommunen.
c) Jakt på rådyr kan gjerast aust for Husum gnr. 51 bnr. 1.

§ 2. Minsteareal for hjort, elg og rådyr
Minstearealet er som fastsett nedanfor, jfr. forskrift 8. januar 2016 nr 12 om forvaltning av hjortevilt § 6.

a) Minsteareal for fellingsløyve og godkjenning av hjortevald er fastsett til 500 daa.
b) Minsteareal for fellingsløyve og godkjenning av elgvald vert fastsett til 8 000 daa.
c) Minsteareal for fellingsløyve og godkjenning av rådyrvald vert fastsett til 10 000 daa.

§ 3. Fellingsavgift
Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift av 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd.

a) Sats for fellingsavgift vert sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.
b) Unntak for hjort- og elgkalv som vert sett til kr. 0.

§ 4 Bruk av termisk- og restlysforsterkande siktemiddel
Lærdal kommune opnar for bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel til jakt på hjort i opent terreng for å avverja alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik, jfr forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a 4. ledd.

§ 5 Ikraftsetjing og oppheving.
Forskrifta trer i kraft straks. Samstundes vert Forskrift 15. mars 2018 om minsteareal for hjort, elg og rådyr, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane oppheva.»